

OSTERØY SENTERPARTI



VALPROGRAM

2023 - 2027



Senterpartiet

INNLEIING

Senterpartiet ynskjer å vera ei positiv kraft inn i heradsstyret og samfunnet på Osterøy. Me ynskjer å bidra til godt samarbeid og positivitet på tvers av alle partilinjer. Me vil sokja breie forlik rundt viktige saker og unngå omkampar og unødvendig splid.

Osterøy er i ein krevjande økonomisk situasjon. Me vil bidra til at me kan få ein meir berekraftig økonomi til gode for alle. Dette vil me oppnå ved å støtta opp om tiltak som gjer at me kan driva kommunen smartare og få meir velferd og tenester på ein meir effektiv måte.

Me har god erfaring med prosjekt der både det private næringslivet, dei frivillige og det offentlege arbeider saman mot felles mål. Me ynskjer å spela på lag med næringslivet og frivillige i kommunen, og gjera kvarandre gode i samarbeidet. Slik legg me til rette for at utfordringane me står framfor kan løysast i fellesskap for å oppnå det beste resultatet for alle partar.

Menneskeskapte klimaendringar er vår tid si største utfordring. Dette må me på Osterøy også bidra med å løysa. Senterpartiet ynskjer å styra kommunen i tråd med FN sine berekraftsmål.

Kommunesamanslåing har vore eit tema i fleire år på Osterøy. Senterpartiet ynskjer at Osterøy skal vera eigen kommune også i framtida. Ei eventuell endring av kommunestruktur må skje ved folkerøysting!

FOLKEHELSE

God helse er ein av berebjelkane i eit godt liv. Ved å leggja til rette for gode lågterskeltilbod rundt om i bygdene, vil me bidra til at både den psykiske og den fysiske helsa til innbyggjarane vert styrkt. Gode opplevingar lokalt styrkjer samhald og helse for folk i alle aldrar! Me ynskjer å støtta opp om, og bidra til at idrettslaget på Osterøy vert styrkte og kan halda fram med det gode arbeidet dei allereie gjer for å leggja til rette for fysisk aktivitet og god folkehelse. Me ser også at fa-

silitetane for symjeopplæring ikkje er gode nok slik dei er i dag. Dette er noko me vil arbeida for å forbedra i perioden.

NÆRINGSVIKLING

Osterøy har eit rikt og framtidstryggt næringsliv. Kommunen må støtta opp under dette ved å vera lydhøyr og ha tett dialog med næringslivet for å kjenna til kva behov dei ulike bedriftene har. Me ynskjer å halda fram satstinga med Osterøy Utvikling som har vore ein viktig arena for næringsutvikling. Me vil



arbeida for å sikra tilgjengeleg næringssareal for nyetableringar og at eksisterande næringsliv får rom til å utvikla seg og driva verdiskaping over heile Osterøy.

LANDBRUK

Landbruket er ei viktig næring for Osterøy. Me ynskjer å arbeida for bevaring av matjord og dyrkbar jord. I tillegg ynskjer me å leggja til rette for at kommunen skal ha god kompetanse, vera til støtte for bøndene, og bidra med å utvikla landbruket til ei endå meir aktiv og berekraftig næring.

OPPVEKST

Osterøy skal vera ein god stad å veksa opp. Me ynskjer å satsa endå meir på tidleg innsats og førebygging. Dette må vera berebjelken i oppvekstsektoren, både for å sikra gode liv og for ansvarleg, økonomisk drift. Me ynskjer å leggja til rette for gode oppvekstvilkår både i barnehage, skule og på fritida. Det neste store prosjektet me ynskjer å prioritera innafor oppvekstsektoren, er ei forbetring av undervisningslokala ved Osterøy Ungdomsskule. Osterøy Senterparti ynskjer òg å bevara dagens skulestruktur.

HELSE OG OMSORG

Osterøy kommune skal halda fram med å levera gode helse- og omsorgstenester gjennom heile livet. For å møta framtida sine utfordringar må me tenkja nytt og dri-

va annleis. Velferdsteknologi og tilrettelagde bustader er satsingsområde me ynskjer å vidareutvikla. Ved sida av eldreomsorg meiner me at tenestene innafor rus- og psykiatrisffeltet er noko me må hegna om.

KULTUR OG FRIVILLIGHEIT

Kultur og frivillighet er limet som bind samfunnet vårt saman. Osterøy kommune har alltid vore heilt avhengig av frivilligsektoren for å skapa liv og aktivitet i lokalsamfunna. Dette behovet vil verta endå større i framtida. Me ynskjer difor å leggja til rette for at kommunen skal visa leiarskap og ha ei koordinerande og støttande rolle for frivillige lag og organisasjonar. Osterøy kulturskule er eit fyrtårn for meistring og glede for born og unge på Osterøy, og det vil me arbeida for at han skal halda fram med å vera.

SAMFERDSLE

Osterøy skal ha eit nettverk med tenlege og trygge vegar. Osterøy Senterparti vil alltid prioritera trafikktryggleik og trygg skuleveg når midlane me har til dei kommunale vegane skal fordelast. Me vil og arbeida opp mot fylkeskommunen for å oppgradera og rassikra fylkesvegane våre. God mobil- og fi-berdekning må òg prioriterast!





ORDFØRARKANDIAT: LARS FJELDSTAD

Eg har fått den gleda å vera ordføraren din i snart 4 år. Og det ynskjer eg å halda fram med. Osterøy har eit enormt potensiale om me vel å arbeida saman mot felles mål til gode for alle. Eg kan lova at eg vil jobba kvar dag for det beste for alle ostringar. Eg meiner Osterøy treng ein ordførar som legg til rette for samarbeid, er samlande og lagar til gode, opne demokratiske prosessar. Og den ordføraren ynskjer eg veldig gjerne å vera.

Om du ynskjer meg som ordførar er det viktigaste du kan bidra med å røysta på Senterpartiet i årets val.
Godt val!



2. KANDIDAT:
TURID BJØRN DAL NJÅSTAD



3. KANDIDAT:
AMALIE BAKKEBØ



4. KANDIDAT:
**HELGE VALESTRAND
EDWARDSDAL**



5. KANDIDAT:
FRODE FLESLAND

- 6. ÅGE RONNY LANGHELLE**
- 7. JOHANNES HAUGLAND**
- 8. GERD KARIN NJÅSTAD**
- 9. SISSEL VESETH**
- 10. JØRGEN MARTIN SANDAL**
- 11. JANNE DALTVEIT**
- 12. ASGEIR PRETTUN**

- 13. ANNE-MARI HANNISDAL**
- 14. RUNE BØE**
- 15. KRISTIN KLEPPE**
- 16. KJELLAUG HARTVEIT**
- 17. JON DALTVEIT**
- 18. JOSTEIN REVHEIM**
- 19. BERNT JOHAN FLÆSLAND**

PS. hugs å gjje oss di røyst i fylkestingsvalet og!



FYLKESORDFØRARKANDIDAT: JON ASKELAND

“Får me fornja tillit skal me fortsetta å levera varene. Ein sterk fylkeskommune sikrar lokalsamfunna, og gjer kommunen din og lokalsamfunnet ditt i stand til å lukkast. Me lovar meir av det same, for godt gjort betre enn godt sagt! ”

Meir om vår
fylkespolitikk finn
du her:

